

**«Det er fullført!»(Joh.19,30)**

Prestefellesskapen  
**PRO ECCLESIA**  
**REGULA(2009)**

Som fedre og brør i **PRO ECCLESIA** vil vi gje oss sjølve til Herren(2.Kor.8,5) og leve i kallet frå vår dåp, konfirmasjon og ordinasjonslovnad.

Vi vil:

- setje av faste tider for bøn, kvile, stille og samling,
  - be dagleg tidebøn med kontinuerleg og planmessig studium av Den Heilage Skrifta og annan heilag lesnad, så sant råd er,
- bere fram i forbøn brørne i **PRO ECCLESIA**, og saker som fellesskapen til einkvar tid minner oss om,
- feire messe og sjølv ta i mot sakramentet, ein gong kvar veke, så sant råd er,
- ha fast skriftefar og gå jamleg til skriftemål,
- søkje råd hos prior/skriftefar når det gjeld tenesta og det åndelege livet,
- slutte opp om **PRO ECCLESIA** sine samlingar regionalt og sentralt,
- synleggjere vår kyrkjelege teneste ved bruk av sivil geistleg drakt,
- markere Kyrkja sitt heilage år, som å halde advent og faste,
- vere trufaste mot kallet i ekteskap, eller i einsleg stand, heim og familie.

**«Følg meg!»(Matt.4,19)**

**Dagleg bøn om kyrkjeleg fornying:**

*Himmelske Far,  
Send di Ånd over heile Di Kyrkje.  
Gjev oss ein ny visjon av Din herlegdom  
Ei ny oppleving av Di Makt  
Ein ny truskap mot Ditt Ord  
Og gjer oss inderleg glade i Di teneste  
Slik at ditt heilage Namn må bli æra  
Og ditt Rike fremjast  
Gjennom vårt fornya vitnemål  
Ved Jesus Kristus, vår Herre.  
Amen.*

